

## Grunneigartale

Storfjordstemnet i Grova 2016

Velkommen til Grova!

Og velkommen tilbake til dei som var på Storfjordstemne her i 1983. Den gongen var det om lag 300 til stades, og det er kjekt å sjå at det er langt fleire i dag. Ekstra kjekt er det å få vise fram Grova i slikt strålende vêr som vi har i dag!

Namnet mitt er Kjell Ytreberg, eldste son til Kåre Ytreberg, som er grunneigaren her i Grova. Som de ser her i dag, så må dette vere ein av dei finaste plassane på jord. Det å komme hit er alltid kjekt, her er det litt finare ver, litt varmare, ein fantastisk utsikt og ei deilig avslappande atmosfære. Her har vi tilbrakt mange somrar i oppveksten, og det er kjekt å sjå at våre barn likar seg like godt her som det vi gjorde.

### Historie

Her i Grova har det vore busetjing i lang, lang tid. Vi kjenner til slektskapet heilt tilbake til 1603, til Knud Groff. Den opprinnelege slekta gjekk ut midt på 1700-talet, og ei ny kom inn. Vår slekt strekker seg tilbake til 1817, då Ane Marie Rasmusdotter Kjølås gifta seg opp at med Arne Ingebriktson Tafjord Graven, min tipp-tipp-tipp oldefar.

Sidan har det vore fastbuande i Grova heilt fram til Petter Ivarson, eller «Petter-onkel» som vi alltid sa, måtte flytte frå Grova i 1977 på grunn av skrantande helse. Petter var ugift og barnlaus, og det var far min, Kåre Ytreberg, som Petter var onkel til, som tok over garden. Petter hadde ei søster, Anne Marie, og ho traff ein kjekk tenestegut som arbeidde på ein gard i Liabygda. Det var bestefar min, og dei flytta seg til Skodje, der både far min og eg vaks opp, og bur fortsatt.

Vi er ikkje heilt sikker på kva namnet Grova kjem av. Skrivemåten har endra seg med tida, frå Groff, Groffuen, Graven og til Groven. Men i daglegtalen har det alltid vore Grova eller Grøva. Muligens kjem namnet frå ordet grov eller grovafar, som betyr ei elv eller eit elvefar. Men dette veit vi ikkje sikkert. Det ligg eit slikt elvefar rett ved garden, men kanskje ikkje så stor at det skulle gi opphav til namnet.

Husa på garden er gamle. I bygdaboka frå Stranda står det at stovehuset er ei røykstove med ei tilbygd lav loftsstove frå 1888, og dette stemmer godt med byggemåten.

### Strevsomt liv

Livet på fjell- og fjordgardane var ikkje lett før i tida, og heller ikkje her i Grova. Ein måtte vere mest mogleg sjølvberga, og det har vore både kyr, geiter og sauar på garden. Som ein ser, er det ikkje store bøane, og mykje er bratt og tungdrive. Det har aldri vore hest i Grova, og arbeidet har for det meste vore gjort med handemakt, med spade og greip. I bygdaboka for Stranda står det skrive at når ein vanlegvis rekna avlingane i hestelass, så hadde det vore rettare å rekne dei i ryggbører for Grova sin del.

I tillegg til fôret ein fekk hausta på innmarka her, så var ein avhengig av å hente fôr frå teigar på Skafjellet og frå ein teig i Bugane i Verpesdalen lengre inn i fjorden. Graset dei slo oppe på fjellet drog dei på sloge inn på sætra, og bar det derfrå og ned til gards på ryggen. Etter kvart fekk dei løypestreng ned til garden. Graset dei slo inne i Verpesdalen rodde dei ut til Gravanaset, tørka det på berga og lagra det i ei løe nedmed sjøen. Seinare bar dei det til gards på ryggen. Petter-onkel fortalde at til og med ei ku frakta dei på same måten til gards. Først ned til sjøen i Verpesdalen, så om bord i færingen og ro ho ut til Gravanaset, før dei så bukserte ho opp sjøvegen og opp i Grova.

Far til Petter-onkel, Iver Petterson, døydde då Petter berre var 13 år. Då var det han, systra som var 10 år, mora og besteforeldra, som nærma seg 80 år, igjen på garden. Dyra var på sommarbeite på Klebergsetra, og måtte mjølkast morgon og kveld. Dette fell no på Inger Anna, eller Grovabesta som far min sa. Dei første åra etter at mannen døydde våga ho ikkje å la barna ligge åleine i nede i Grova. Ho gjekk derfor grytidleg om morgon opp på setra for å mjølke, og ned att med mjølka tidsnok til å få barna på skulen. Ho brukte 2 timar opp, ned att gjekk det raskare. Sameleis gjorde ho om kvelden. Etter at ho var ferdig med arbeidet på garden, og barna hadde ete kveldsmat, var det å gå den stupbratte vegen opp på setra att. Etter at Petter vart konfirmert, vart han til stor hjelp for mor si, og ho våga å overnatte oppe på setra.

### Å hjelpe kvarandre

Ein måtte hjelpe kvarandre så godt det let seg gjere før i tida. Nabogardane på Ansok og Kleberget dreiv fiske i lag med Grova, noko som var ei viktig matkjelde. I 1883 blei alle desse gardane ramma av ei ulykke, då båten forliste i uvêr. 3 menn omkom, ein frå Ansok, ein frå Kleberg, og ein frå Grova; Ingebrikt Arneson, min tipp-tipp oldefar.

Her i Grova hadde dei ein bakaromn i gråstein. Av og til kom naboane frå Uranaset, eit lite bruk lengre ute, på bakedag i Grova. Då lukta det nysteikt kake og brød over heile tunet, og det er ikkje vanskeleg å forestille seg at dette måtte vere meir som ein høgtidsdag. Restane av bakaromnen står framleis igjen oppunder ein hammar oppe på flata her.

Då mora til Petter, Inger Anna, vart sjuk ein vinter, og snøen låg djup, måtte alle trø til for å bere ho opp til Ansok, for vidare sjuketransport. Først eit lag som spadde veg i snøen, så eit lag som bar ho. Det var også fleire gongar naboar og liabygdarar stilt opp på snømåkedugnad, frå Ansok og ned til Grova, slik at skulebarna skulle komme fram.

Etter kvart som Petter vart åleine på garden, kunne det vere mykje å gjere for ein einsleg mann. Heldigvis hadde han mange gode naboar og venner som stilte opp og tilbaud ei hjelpande hand.

### Fruktdyrking

Etter kvart som Petter vart eldre, drista han seg til å foreslå at ein kanskje skulle slutte med dyrehald, og heller drive med fruktdyrking. Dette var bestefaren Petter Espehjelle sterkt imot: Å slutte med dyr var likegodt med å gi opp alt! Å bruke beste jorda til å plante tre var vanvidd. Han meinte det viktigaste var å vere sjølvberga med korn. Men Petter satsa på fruktdyrking, og gode veksttilhøve gjorde fruktdyrkinga til ein suksess,

og sidan har dette vore hovudnæringa i Grova. Her var det moreller, plommer, eple og pærer. Det er ikkje få personar som har fått ei smaksprøve her i Grova. Frukta sendte han på løypestrengen ned til sjøen, rodde over til Stranda og leverte frukta på butikken der. Når ein kom på besøk i Grova om sommaren eller hausten, stod det alltid eit stort fruktfat framme. Gjerne med moreller. Og frukt og bær er noko eg også forbind med Grova. Nede på kanten her stod det ein digert morellebærtre, som var 80-90 år gammalt. Treet var så stort at du kunne gå på fleire av greinene bortover. Det å stå nede på Gravanes-kaia å selje morellebær, blei ein sommartradisjon. På utsida av huset stod også eit digert tre, eit Signe-Tillis epletre, med nokre kjempestore og gode eple. Dessverre har fleire av desse trea no, døydd. I seinare tid har far min planta nye tre, men også hjorten og rådyra trivst godt i Grova, og det har vore vanskeleg å halde dei unna når det ikkje er fastbuande her.

### Avsides

Grova har alltid vore litt avsides. Det var lang veg til både post og skule. For å komme inn til Liabygda, måtte dei gå råsa opp til Ansok og så inn til bygda. Gardane Ansok og Kleberg hadde bygd gangveg inn til Ringset. Denne stod ferdig i 1902, og då hadde dei drive med vegarbeid i 20 år. Petter fortalde at dei måtte starte i 7-tida om morgonen når dei skulle på skulen. Ellers måtte dei ta sjøvegen med båt, og gå dei bratte bakkane opp i bygda.

Då far min var ung, var han ofte på sommarbesøk i Grova. Då tok han bussen frå Skodje, og han hugsar godt lyden av åretaka då Petter-onkel kom roande rundt neset for å hente han i Liabygda. Dei første gongane eg var i Grova, så parkerte vi oppe på Ansok, og gjekk råsa ned. Det var derfor eit stort framskritt då Gravanesvegen ned til fergekaia på Gravaneset blei bygd i 1979. No kunne ein køyre bil heilt ned til kaia, og gå sjøvegen opp til Grova. Eg hugsar godt løypestrengen vi brukte til å frakte bagasje og utstyr med. To slag på strengen var beskjed opp til far om at alt var klart!

I 1985 blei det bygd skogsbilveg heilt fram til Grova. Då vegen stod ferdig, fekk Petter-onkel komme tilbake og besøke Grova igjen. Dette var stor stas for han! Dette blei det siste besøket hans her, før han døydde seinare same hausten.

Etter dette har Grova vore brukt som fritidsbustad. Far min har gjort ein stor innsats for å halde garden best mogeleg ved like. Det har vore langt fleire arbeidsdagar enn feriedagar for han her inne. Det er alltid eit eller anna som skulle vore gjort. Likevel trur eg han har kosa seg her inne. Kjekt var det derfor då Storfjordens Venner tok kontakt for eit par år sidan, å ønskte å hjelpe til med å restaurere dei bygningane som var i dårlegast stand. Først vart kvernhuset og tørkestova sett i stand att. Og så vart stabburet restaurert.

Tusen takk til Storfjordens Venner for den jobben dei har gjort!

Eg håper vår generasjon klarer å ta like godt vare på garden her som det tidlegare generasjonar har gjort, og at Grova også i framtida blir det «paradis» det er i dag. Og i dag er vi 3 generasjonar etterkomarar som er til stades.

Så håper eg alle nyt dagen vidare her i Grova, og at de støttar opp om Storfjordens Venner og det flotte arbeidet dei gjer.

Takk!